

## Ny leiar i Kraftmuseets Venner

Bjørn Seim takka for seg som leiar i Kraftmuseet sitt venelag, Kraftmuseets Venner, på årsmøtet i mars 2021. Etter seks år som leiar og eit utfordrande år med pandemi og andre vanskar vel Seim å gje stafettpinnen vidare til nye krefter. Godt arbeid av nominasjonskomiteen førte fram til erfarte Ingunn Olsen Mossefin frå Odda som no tek over leiinga. Les meir om den nye leiaren og Bjørn Seim sin kommentar på side 2.



*Ingunn Olsen Mossefin, ny leiar i Kraftmuseets Venner. Foto: Øygarden*

# Ingunn Olsen Mossefin

Ingunn er frå Odda, sjølv om ho er fødd på Voss. Ho flytta med familien til Odda då ho var fem år, og etter kvart etablerte ho seg i Tyssedal, der ho dei siste ti åra har drive *Galleri Trolltunga* saman med fotograf Jon Helge Øygarden.

Ingunn var distriktsguvernør for Rotary frå 2011-12, og har i mange år hatt ansvaret for Rotary si ungdomsutveksling, noko ho ser på som eit viktig fredsarbeid - "*Venner drep ikkje kvar andre*".

Ingunn takka ja til leiararbeidet i vennelaget fordi ho no ynskjer å gje noko tilbake til Odda- og Tyssedalsamfunnet. Ho seier at det som leiar er store sko å fylla,

både etter sist leiar Bjørn Seim, men også etter Halvor Johan Bådsvik, som ho kjende godt til frå før.

Ho er glad for at Bjørn Seim vil vera med som interimmedlem ei stund frametter for å hjelpe til i starten.

Greta Nordlund frå Odda er også ny i styret, ho vart vald til ny kasserar.

Det første styremøtet med nytt og gamalt styre fann stad på Galleri Trolltunga 26. mai.

**Neste styremøte er sett til den 6. september.**



Styret i Krafmuseets Venner var representert av frå v. Bjørn Seim, Vidar Våde, Brit Andersson, Greta Nordlund, Solfrid Kvam og Ingunn Olsen Mossefin. Hallvard Kjørvik var også til stades. *Foto: Anne Gravdal (referent for Kraftmuseet).*

## Takk for meg

På Kraftmuseets Venners årsmøte i mars fikk vi en ny leder etter meg. Jeg hadde til nå sittet som leder i 6 år. I samme perioden har jeg vært lagets representant i styret for Kraftmuseet.

Å arbeide med den lokale historie har vært ei interessant og lærerik tid. Noe som jeg vil fortsette å holde på med. Jeg vil fremover bidra og delta på et eller annet nivå i Vennelaget som for eksempel hjelp i Juleverkstedet.

Sammen med Vidar Våde vil jeg fortsette å arbeide med «Historisk Vandretur i Tyssedal». Fremover skal jeg ha et forhold til styret som interim styremedlem. Vil også takke for godt samarbeid med styret.

Årsmøtet valgte Ingunn Mossefin til ny leder. Hun har stor erfaring med organisasjonsarbeid og vil med sikkerhet gjøre godt arbeid som leder. Ønsker henne lykke til og ser fram til samarbeid med henne. *Bjørn Seim*




Ordstyrar Jarle Vangen og leiar Bjørn Seim  
på årsmøtet 2021. Foto: A.Gravdal

## Visdom.

For oss som har  
levd ei stund.  
Er livet lengre  
enn en høneblund.

Takk og pris  
at jeg fikk tid  
til å bli litt vis,  
i tro og håp,

og ærlighet.  
Og aller mest  
i kjærlighet.  
VV.



## Ei altoppslukande oppleving i Lindehuset



Noko er i ferd med å skje i traforommet inne i Lindehuset. Her kjem museet til å presentera ei spektakulær visuell oppleving i sommar.

Ved hjelp av det nyaste innan prosjektorteknologi skal ein film projiserast både på vegger og golv. Publikum blir såleis omslutta av materialet.

Filmen som skal visast er titulert «Frukthagen» og er ei reise gjennom dei ulike sesongane i frukthagen, og gjennom dei ulike fasane i eit liv.

Me følgjer ein ung gut frå barndom til alderdom, frå vår til vinter.

Bakteppet er fotoarven etter fotopioner Knud Knudsen.

Me gler oss stort til å visa fram det som me har jobba med i ei lengre tid no, seier prosjektleiar Guro Kvalnes. Konseptet er utvikla av ustillingsdesignar Kine Liholm og teknologien blir levert av firmaet Logic Interactiv.


**Nye og spanande installasjonar for born  
(og vaksne) i kraftstasjonen i sommar.**

**KOM OG SJÅ!**

## Nytt på Lilletopp

Kvar vår vert det utført ein HMT-kontroll på vegen opp til Lilletopp, inne i sjølve anlegget og på området ute. AS Tyssefaldene/Statkraft og Norconsult har teke del i dette i år. Inntaksbygget på Lilletopp skal få nytt tak og det er planlagt ein landeplass for helikopter av beredskapsmessig omsyn.

Bygg og anleggsavdelinga ved Kraftmuseet har sett opp bølgebrytarar i dei bratte trappene som fører vidare opp til Oksla, bytt ut morkne delar i trapper og på gelender, og sikra andre stader.



# LILLETOPP

OPEN KVAR DAG  
CAFÉ 12-18  
TUR INN I FJELLET 13 & 16  
LITEN TOPP-STOR UTSIKT  
1,5 TIME T/R

OPEN EVERY DAY  
CAFÉ 12-18  
GUIDED TOUR INSIDE  
THE MOUNTAIN 13 & 16  
1,5 H DURATION

BILLET/TICKET/INFORMATION  
KR. 60,-  
[WWW.KRAFTMUSEET.NO](http://WWW.KRAFTMUSEET.NO)

**KRAFT**  
MUSEET

Såkalla "bølgebrytarar" i trappa og eit blikk inn i det opprydda fordelingsbassengen. Årets plakat.

Foto: Anne Gravdal, Kraftmuseet

Side 5

I år har også fordelingsbassengen inne i fjellet blitt reinska av laus Stein. Firmaet Mesta har utført arbeidet.

Etter ein felles vaske- og rydde-sjau av dei tilsette ved museet, opnar kaféen og anlegget på Lilletopp **den 19. juni**, og vil vera **ope kvar dag kl. 12 - 18 til 22. august.**

Velkommen!

## Tysso kaffibar

Museet skal i sommar opne ein kafé under glas-bygget mellom kraftstasjonen og Kraftstova.

Det heile vert ramma inn som ein hage, med planter og møblar i industriell stil som passar saman med kraftanlegget.

Det blir i hovudsak servert lokalprodusert mat. Speke- og ostetallerken med produkt frå Hardanger, varme og kalde smørbrød og handverkskaffe er noko av det som står på menyen. Det er ein auke i etterspurnad etter kortreist mat, både frå fastbuande og turistar, så dette er eit konsept vi vil satsa på.

Vi vil syne eit mangfold av kultur, og sider frå Hardanger har verkeleg tatt form som ein av dei store kulturmarkørane for regionen. Derfor kjem vi primært til å servera lokalprodusert sider og øl i den nye kaféen.



Området under glastaket er i desse dagar i ferd med å bli omvandla til ein flott kafé.


Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet

Tyssedal er og stoppestad for siderbåten «Vision of the fjords».

Den etter kvart så kjende "Siderklynga" er positiv til tilbodet og ser på dette som eit framifrå supplement til sidersmakinga på gardane.

Kraftmuseet vonar at dette - som einaste kafé i Tyssedal - skal bli ein møtestad for dei fastbuande og eit godt tilbod til andre besøkande som ynskjer å tilbringa heile dagen på eit museumbesøk med noko attåt.

Kvífor ikkje legga turen til Tyssedal for ein lunsj i storslatte omgjevnader?



# Opningstider på Kraftmuseet sommaren 2021

ARENA	DATO - DAGAR	KLOKKESETT
TYSSO 1 kraftstasjon	22.05. - 22.08. Alle dagar	10 - 17
LILLETOPP	19.06. - 22.08. Alle dagar	12 - 18
	Omvising i tunellane	13 og 16
KRAFTLABEN	22.06. - 14.08. Ty-laur	11 - 16
LINDEHUSET	30.07. - 28.08. Ty-laur	12 - 18
BYVANDRING	01.07.- 30.07. Må-fre	17 - 18

## Byvandring med postmannen

I år har Kraftmuseet eit nytt og spanande tilskot på programmet;

Frå måndag til fredag i heile juli månad kan du få gå på byvandring med ein vaskeekta postmann!

Museet har vore så heldig å få den lommekjende postmannen Vidar Solvi med på laget.

Solvi er født og oppvaksen midt i

Odda sentrum og kjenner gater og vegar betre enn dei fleste frå barndommen og gjennom eit heilt arbeidsliv som postmann.

På desse byvandringane tek han deg med inn i dei historiske gatene, fortel om hus og folk og krydrar det heile med sjølvopplevde anekdotar.



Retur: Kraftmuseet, Naustbakken 7, 5770 TYSSEDAL

## Verv medlemmer til vennelaget!

Som medlem får du gratis inngang for deg, **Kontingentsatsar:**  
og den nærmeste familie (ved familiemedlemskap) i museet si ordinære opningstid. Du kan delta på Vennelaget sine årlege turar og arrangement.

Bladet Liv og Rør kjem i posten med informasjon fra Kraftmuseet og Kraftmuseets Venner. Du er med på å støtta stiftinga Kraftmuseet. Bli med i **Kraftmuseets Venner** og arbeid for eit godt museum for Odda og Tyssedal, for vasskrafta og prosessindustrien og deira bidrag til bygginga av det moderne Norge.

Kraftmuseets Venner har også eiga facebook-side! Om du har lyst til å like oss, finn du sida her:

[www.facebook.no/kraftmuseetsvenner](http://www.facebook.no/kraftmuseetsvenner)

[www.facebook.com/kraftmuseet](http://www.facebook.com/kraftmuseet)



Enkeltmedlemmer:	kr	150
Familiar:	kr	200
Foreningar og lag:	kr	300
Bedrifter, skular, osb.:	kr	1 000
Kontakt:	Leiar	Ingunn Mossefinn
E-post:		<a href="mailto:galleri@odda.info">galleri@odda.info</a>
Tlf.:		93441830

Kasserar: Greta Nordlund

På nettsida **www.digitalmuseum.no** kan du leita gjennom Kraftmuseet sine om lag 16000 historiske fotografier. Finn du eit foto du kunne tenka deg å ha, tek du kontakt med fotoavdelinga på [post@kraftmuseet.no](mailto:post@kraftmuseet.no) for tinging.

**Digitalt Museum**

## Skal du arrangera kurs, seminar eller konferanse?

Vi skreddarsyr opplevingar i historiske omgjevnader:  
kulturinnslag, omvisingar, turar, lagbygging, konsertar, etc.  
Kontakt oss for tilbod: [post@kraftmuseet.no](mailto:post@kraftmuseet.no) - 53 65 00 50



[www.kraftmuseet.no](http://www.kraftmuseet.no), [www.facebook.com/kraftmuseet](http://www.facebook.com/kraftmuseet)